| DEN NORSKE KYRKJA<br>Vaksdal sokneråd | NR 4/26<br>SAK 23 – 29 |
|---|---|

| Referat frå møte i Vaksdal sokneråd | |
|---|---|
| **Tid** | **12.05.2026 kl. 17.00 – 18.30**<br>**Møtet held fram etter dette saman med leiinga i bedehuset.** |
| **Stad** | **Konfirmantrommet Vaksdal kyrkje** |
| **Til stades** | **Vikarprest Roar Strømme, Tove Margrete Nordmark, Heidi Rongved (frå sak 25-26), Siv Torlaug Hisdal, Tormod Amundsen, Oddvar Dale og Grete Loftheim Dale.** |
| **Forfall** | **Per Nordmark** |
| **Referent** | **Grete** |

| **Opning** | Roar Strømme: Innleiingsvis i møte med bedehuset. | **Ansvarleg** | **Frist** |
|---|---|---|---|
| **Sak 23/26** | **Godkjenning av innkalling og saksliste:**<br>Godkjent | | |
| **Sak 24/26** | **Gudstenester og ansvarsfordeling**<br>• 17. mai kl. 10.00 – festgudsteneste<br>• 7. juni kl. 12.00 -Fitjavasstemna (Samnanger ansvarleg)<br>• 21. juni kl. 11.00<br>• 12. juli kl. 18.00<br>Til påminning: Den felles høgtidsgudstenesta 24. mai, pinsedag vert halde i Dale kyrkje | Tormod og T.M.<br><br><br>Oddv.&Gret | |
| **Sak 25/26** | **Sommarfest for frivillige 19. mai** (2 vedlegg)<br>• Stort sett same program som i 2025. Oddny Miljeteig kjem. Ho helsar til dei frivillige under grillfesten og held tale i kyrkja etterpå. Kantor Ruben vil spela i kyrkja, både eit stykke av Grieg og spela til songane.<br>• Vi legg opp festen på same måte som i fjor – sosialt treff og servering utandørs om veret tillèt det. Viser til oppsummering frå festen i 2025.<br>• Vi går gjennom liste over inviterte. Manglar svar frå nokre. 37 påmelde til no.<br>**Oppgåvefordeling, handling og praktiske førebuingar.**<br>• Partytelt er lånt frå kyrkejkontoret. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • Roar tek med berbar høgtalar<br>• Vi kjøper eit bord som kan slåast saman. Tove Margrete ansvar<br>• Innkjøp: Sjå referat 3/6-25. Heidi, Siv og Tormod ansvarlege for maten og innkjøp av eingongsservise<br>• Per ordnar to store griller. I 2025 brukte vi Heidi og Anders sine. Dukar og stolar.<br>• Vaffeljern. Vi brukar kyrkja sitt og Grete tar med eit heimafrå<br>• Vaffelrøre frå Stormøllen? Tormod undersøker<br>• Soknerådet møter måndag kl. 18 og tysdag kl. 15.<br>• Blomehelsingar: Blomar til Fredrik og Ruben som no gjer seg i stillingane. Blomar til Oddny Miljeteig. Siv ordnar blomane.<br>• Takk til fleire som har stått for juleverkstaden. Gåvekort på kr. 1000 til pizza til Martha Bjørsvik med hjelparar. | | |
| **Sak 26/26** | **Stillinga som sokneprest er lyst ut**<br>• Søknadsfrist 24. mai<br>• Soknerådet får info etter dette<br>• Ein frå oss skal ta del i intervju 1., 2. og 3. juni. Tove Margrete tek del i intervju.<br>• Frist for uttale frå oss 12. juni. Vi ser på det på soknerådsmøte 10.juni.<br>Mange ledige prestestillingar i bispedømmet.<br>• Vi eller Stamnes/Eidsland skal vera med i tilsettingsrådet 18. juni. Tove Margrete er vår kandidat i tilsettingsrådet. | | |
| **Sak 27/26** | **Konfirmantjubileum til hausten**<br>• Oversyn over jubilantane: Ventar på svar frå kyrkjekontoret<br>• Kven gjer kva no? . Oddvar etterlyser. Vi vil sende ut spørsmål om interesse blant jubilantane – be om tidleg svar. | | |
| **Sak 28/26** | **Dugnadstimar sidan sist**<br>• 0 | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sak 29/26** | **Orienteringssaker/drøfting**<br>• Nytt frå fellesrådet v/Heidi: Ikkje vore nytt møte<br>• Rammeplan for kyrkjeleg undervisning og læring er nå lagt ut til høyring. Frist 15. september. Roar vil lese gjennom rammeplanen og vi vil så vurdere om vi vil gje svar. Alle sokn høyringsinstans?<br>• Vi venter på nytt framlegg til plan for våre sokn v/Kristin. Roar etterlyser.<br>• Fitjavasstemne – rute til Nordvikasetret via Samnanger: Ikkje kortare enn frå Langhelle. Felles avgang frå Langhelle 10:15. Roar tek kontakt med presten i Samnanger og undersøker mogeleg transport med bil/ båt frå Samanger – kva dei gjer.<br>• 20% stilling til å leia konfirmantarbeidet vert oppretthaldt etter at Kristin går ut av det arbeidet.<br>• Konfirmasjonsgudstenesta 3/5: 145 deltakarar på 9 konfirmantar. Lars Ragnvaldsen, Kristin og Roar gjorde alle ein god jobb. Fin og høgtideleg gudsteneste. | | |
| **Avslutning** | **Vår Far i himmelen**!<br>Lat namnet ditt helgast.<br>Lat riket ditt koma.<br>Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.<br>Gjev oss i dag vårt daglege brød,<br>og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.<br>Og lat oss ikkje koma i freisting,<br>men frels oss frå det vonde.<br>For riket er ditt, makta og æra i all æve.  Amen. | | |